

Sein påmelding til Solfjelløpet

13.06.2012



Løparane i den første kneika i fjor

Sundag er den store trimdagen i Uskedalen, for då går det fjerde Solfjelløpet. Primus motor Ole Vidar Monsen opplyser at påmeldinga er heller treg og oppmodinga er å få opp farten i dobbel mening. Til dømes har det ikkje meldt seg fleire enn 10 i konkurranseklassa og det er ikkje så mange i trimklassa heller.

Online-påmeldinga som vart lansert har med andre ord ikkje slege heilt an.

Monsen reknar med at dei fleste vil møta fram utan førehandspåmelding, for slik har det vore tidlegare.

Han har forventningar til det nye konseptet som går ut på at den yngre delen av deltakarane startar frå saftstasjonen på Storhaug klokka 12 - samstundes med at konkurranseklassa startar nede på Haugland.

Det er omrent midt i traseen og så spørst det om nokre av dei spreke i denne klassa kan innhenta dei unge og lovande løparane. Som dei andre vil også desse få utlevert startnummer. Det er ikkje sett nokon begrensning i alder. Ein kan berre melde seg på nede på Haugland og slå følgje med trimmarane oppover. for så å sleppe kreftene laus på Storhaug.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen